

Årsrapport 2019



1.0 Normisjon region Sogn og Fjordane

Normisjon region Sogn og Fjordane har kontor på Sandane. Regionen er tilslutta Normisjon som har hovudkontoret i Oslo. Normisjon sin visjoner: "Jesus Kristus til nye generasjonar og folkeslag", med kjerneverdiane: "Elska og sendt".

Regionen eig og driv: Fjordly Ungdomssenter, Teigen Leirstad og Holmely omsorg og retreat. Region Sogn og Fjordane eig også Fjordly Barnehage, Nordfjord folkehøgskule og har oppretta stiftinga Sunnfjord folkehøgskule. Regionen har aksjekapital i Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS.

1.1 Regionledelsen

Regionstyret har etter årsmøtet vore sett saman slik:

<u>Tittel</u>	<u>Navn</u>	<u>Periode</u>	<u>Bustad</u>
Styreleder	Svein Ottar Sandal	2018-2020	Sandane
Nestleder	Kari Rygg Leirgul	2017-2020	Vereide
Styremedlem	John Bjarne Geithus	2018-2021	Naustdal
Styremedlem	Anne Karin Totland Gillesdal	2018-2021	Haus
Styremedlem	Elida Østergaard Bruland	2019-2022	Førde
Styremedlem	Liv Årdalsbakke Bruland	2017-2020	Førde
Acta representant	Rune Tøsse	2019-2020	Volda
1. Vara	Steinar Saltbones	2019-2020	Vereide
2.Vara	Anne Berit Refvik	2019-2020	Raudeberg
3.Vara	Svein Helge Hovstad	2019-2020	Sandane
Ansattes representant	Mangler		

1.2 Arbeidsutvalget 2019

Styreleiar: Svein Ottar Sandal

Nestleiar: Kari Rygg Leirgul

Regionleiar: Jesper Lemming

1.3 Valnemnd

Kjell Magne Birkelund, 2017-2020

Normann Aarseth, 2018-2021

I tillegg vart avtroppande regionleiar Jesper Lemming oppnemnt av regionstyret til å hjelpe valnemnda sidan ein manglar ein person.

1.4 Revisor

En har for arbeidsåret 2019 hatt Einar Åbrekk og Alf Kåre Askeland som revisorar.

2.0 Regionstyret sitt arbeid

Regionstyret har i 2019 hatt 6 møter og handsama 59 saker

2.1 Ansatte i regionen

I løpet av året var det 6 tilsette i regionen, 3 kvinner og 3 menn:

Jesper Lemming, Regionleder 100% (delvis pappapermisjon)

Vegard Tennebø, Felleskapsutvikler 70%, Lederteam Normisjon 30%

Stian Stokkebekk 70% Felleskapsutvikler Acta (fram til 15.aug 2019) deretter Normisjon

Ingebjørg Isane Fure, regionarbeidar. 50%. (fram til 31.aug 2019)

Maria Dalsbø Tøsse, Actaleiar vikar 60%

Stine Hopland, Actaleiar 100% (hadde permisjon januar- oktober)

2.2 Ansatte i enhetene

Marte-Iren Lade, 80% dagleg leiar Fjordly Ungdomssenter

Heike Wallach, 50% husmor

Rune Langseth, 80% vikar for dagleg leiar Holmely

Wenche Nygård, Dagleg leiar Fjordly barnehage

Anna Marie Skogli Vatnamo, Dagleg leiar Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen.

Hildegunn Gjesdal Tennebø, rektor Nordfjord folkehøgskule

Jorunn Knapstad (skuleåret 18-19) Jon Olav Leira (frå haust 19), rektor Sunnfjord fhs

Aud Norunn Vig, Dagleg leiar Teigen

2.3 Gjestetalar utanfrå

Lars Sigmund Simonsen, to veker i regionen både vår og haust

2.4 Om arbeidet i regionen

Regionen har mange gode støttespelarar i mellom anna 47 foreiningar rundt i fylket.

Dei samlast om Guds ord og ber for bygdene og arbeidet til Normisjon både her

heime og i samarbeidslanda. I Acta er det i tillegg 24 barnelag, ungdomslag, kor

m.m. Elles har fleire foreiningar engasjert seg med bønn og gåver til ulike

misjonsprosjekt. Årsmøte for 2018 vart gjennomført på Innvik Fjordhotell.

2.5 Julemesser

Julemessene på Sandane og Stadlandet samt basaren i Selje og Olden, er flotte

samlingar til glede og inspirasjon. Det vert lagt ned ein fantastisk stor innsats som

også gjev naudsynte kroner i ei slunken misjonskasse, sjølv om det i år kom inn litt

mindre enn i fjor. Det er likevel betydelige bidrag til økonomien, og vi oppmodar

fleire foreiningar om å ta eit slikt ansvar for økonomien i regionen, gjerne i eit anna

kvartal i året enn det siste.

3.0 Felleskapsutvikling

Regionen held fram med å produsere smågruppeopplegg, som passar for både bibelgrupper og styrer. Opplegget legg til rette for ei god trus-samtale - tett på livet, tett på bibelen og dreg fokuset tett mot bygda ein er ein del av. Opplegget er gratis og kan lastast ned frå våre nettsider.

Arbeidet med utvikling av fellesskap og starting av nye held fram. Vi siktar oss inn på 25-50 aldersgruppa, utan at vi avgrensar oss til berre denne gruppa. Men her er det eit stort potensial for å kunne sjå vekst. Sandane og Førde er dei plassane vi no jobbar med å bygge fellesskap.

3.1 Førde

I Førde har det sida hausten 2019 vore ei prosjektgruppe leia av Stian Stokkebekk beståande av medlemmar frå Førde Normisjon og Sunnfjord misjonsforsamling. Det har blitt arrangert DNA kveldar på førde bedehus for å finne ut av kva ein kan få til saman, og desse kveldane har vore godt besøkte. Etter fleire møter mellom sentrale personer i Sunnfjord misjonsforsamling, Førde Normisjon og tilsette i regionen har vi no saman konkludert med følgjande:

«Vi har no valt å avslutte samarbeidet som vart starta hausten 2018. For å bevare venskap og ikkje setje det under eit potensielt opprivande press. Viktigast er det å sikre relasjonane og eit evt. framtidig samarbeid, som vi på ingen måte avskriv. Skadeeffekten av å avslutte no er også minimal, fordi vi er i avslutninga av planleggingsfasen. Difor har vi samstemt einast om å avsluttar samarbeidet om ei felles forsamling i Førde, men heller gje kvarandre fridom til å gå vidare kvar for oss i våre visjonar om å nå Førde by med evangeliet, frå dei ståstadane vi faktisk har.

Begge partar er glade for at vi prøvde å finne saman i dette fellesprosjektet, sjølv om vi ikkje lykkast i å få det til denne gongen. Vi har lært mykje og ser at prosessen også har utvikla og mogna fram noko godt. Vi anerkjenner kvarandre sine posisjonar og vurderingar, og opplever ikkje å ha noko usagt oss imellom.

Det er viktig for oss å understreke at det er god tone og stor tillit mellom NLM og Normisjon. Vi har kome nærare kvarandre gjennom denne prosessen, og er opne for å søke samarbeid om smått og stort også i framtida. Kva Gud har for oss der framme, veit vi ikkje, men vi er saman i bønna om at Jesus Kristus må kalle til seg stadig nye menneske i Førde, og vi drøymmer om å få spele ei rolle i hans plan. Vi ønskjer kvarandre alt godt og Guds rike velsigning over liv og teneste.»

3.2 Sandane

Møtepunkt B på Sandane rullar vidare med møter annankvar veke og samlar i snitt ca 70 stk. Møtepunkt B er eit fellesskap som har eksistert i 2 år. Fellesskapet siktar seg inn på unge vaksne og skal vere eit møtepunkt mellom Gud, og menneske og kvarandre der alle er velkommen. Ein gledelig nyhet er at økomien i felleskapet er på et slikt nivå at ein frå 01.01.2020 tilset Vegard Tennebø 20% stilling som pastor.

3.3 Saman

På årsmøtet vart «Saman» lansert som et svar på et uttrykt behov fra foreningane om å komme mer saman. «Saman» er eit felleskaps-byggjande verktøy for oppfølging, inspirasjon og retning. Utgangspunktet for dette programmet er at vi treng kvarandre. Når mengda tilsette vert færre og flokkane lokalt vert mindre, må vi ikkje miste kvarandre. Då må vi trekke saman og byggje ny lagkjensle. «Saman» er såleis eit felleskaps-byggjande verktøy for oppfølging, inspirasjon og retning. Vi har hatt fire samlingar rundt om i regionen vår. Generelt har det vore lite oppmøte på desse samlingane og dersom ein skal kunne fortsette å dette arbeidet må foreiningane prioritere desse samlingane.

3.4 Storsamling

Vi held også fram med å arrangere Storsamling på Fjordly, der vi samarbeider med Acta og Fjordly om ein flott dag for store og små. Felles middag, god tid til sosial drøs, og eit møte som vektlegg forkynning, lovsong, opplegg for borna og nattverd. Dette er ei samling med fokus på fellesskap og einskap på tvers av bygder og er med å sveise nordfjorddelen av Normisjon saman.

4.0 Media

På regionen si heimeside: www.normisjon.no/sof legg vi ut saker til informasjon og glede. Ved nokre høve vert det sendt ut brev til foreningane, elles vert informasjonen spreidd gjennom regionavisa, "Nytt frå Normisjon". Avisa vert gitt ut saman med region Møre og samordna frå hovudkontoret, som og står for tredjeparten av stoffet, både nasjonalt og internasjonalt stoff. Dette fungerer som "lim" i organisasjonen, der alle får tilgang til same informasjonen. Både sorger og gleder vert delt. Redaktør har vore Ingebjørg Isane Fure.

5.0 Stabssituasjonen

Regionen har ein flott stab medarbeidarar som gjer eit framifrå arbeid. Vi kjenner stadig på at behova er store og ønskene mange, men vi er få og strekk ikkje til over alt. Vi har hatt litt vakanse på actamedarbeiderstillinga i år også.

Vi har også hatt litt sjukemeldinger og permisjoner som er utfordrande å sette bort til andre på kort sikt, men en dynamisk stab er noko vi må leve med og håndtere.

6.0. Einingane våre

Einingane våre har eigne årsrapportar og rekneskap som vil bli offentleggjort på nettsidene våre. Årsrapportane skal ikkje lenger opp som sak på regionens årsmøte, men kan gjerne lesast til informasjon og inspirasjon. Under kan du lese litt om Fjordly, Holmely og Teigen, som er dei tre enhetene som er tettast på regionen.

Fjordly: 2019 var eit godt år for Fjordly med mange flotte arrangement som mellom anna leiar, Soul Teenshelger, pensjonisttreff, dugnadssamlingar, konfirmasjonar mm. Renovering av Eid-hytta var det store prosjektet dette året, og eit godt årsresultat på 504 635,- skuldast mellom anna mange store gåver til hytteprosjektet. Avskriving på Eidhytta startar i 2020. Salsinntektene til Fjordly har og auka, mens lønsutgiftene har gått ned pga at dagleg leiar har 20% permisjon på ubestemt tid.

Holmely: Av arrangement på Holmely i 2019 kan ein nemne mellom anna songkveldar med Harry Andersen, inspirasjonsdag med Rolf Kjøde, inspirasjonshelgar, keltisk retreat og tema retreat. Det har og vore utleige både til ulike arrangement og til overnatting. Holmely har eit underskot på 251 386,- i slutten av 2019, da er avskrivning på 180000,- med i berekningane. Ut frå rekneskapen kan ein sjå at både salsinntekter og gåve-inntektene har gått ned. Noko av svaret finn ein i fleire avlyste arrangement i første halvdel av 2019, men ein er også i eit generasjonsskifte med tanke på støttespelarar og fastgjevarar.

Teigen: På Teigen har det vore både leirar, Teigenstemne, jonsokfeiring og utleige til ulike arrangement i 2019. Det har og vore gjort ein del arbeid både inne og ute med mellom anna oppussing av peisestova, og vedlikehald av uteområdet. Teigen har eit underskot ved utgangen av 2019 på kr 386 781,-. Underskotet skuldast ein kombinasjon av at gåver og salsinntekter har hatt ein nedgang medan mellom anna lønnsutgifter og andre driftskostnader har auka.

7.0 Minneord

Styret vil takke for tenesta frå dei som har gått bort siste året.

Livet er ei verdifull gåve gjeve oss av Gud i kjærleik med gåver og oppgåver. Vi kan kjenne på sorg og sakn, men mest på takksemd for det dei fekk vere medan dei var her saman med oss.

7.0 Økonomi

Årsregnskapet syner at regionen i 2019 har eit årsresultat på kr. 278 229,-. Det er gledeleg å avslutte året med overskot. Mykje av overskotet skuldast dog kutt i lønnsutgifter pga permisjonar og vakansar i 2019.

Misjon er ikkje først og fremst bygningar eller aktivitetar. - det er folk og relasjonar der Jesuskanverteverkeleg. Difor: Gjetil regionen sine arbeidrarar gjennom fastgjevarteneste og avtalegiro. Vi gjer spennande satsingane og trur dette vil veretil velsigning for arbeidet i Normisjon.

Vi ber generelt om gjevaravtalar for å sleppe naudrop om hausten. Nye reglar for frådrag på skatten er i 2019 auka til kr 40 000,-

8.0 Takk

Vi har fridom til å samlast om Guds Ord, fridom til å driva misjonsarbeid både heime og ute, der vi kan få vere med å levandegjere visjonen: "Jesus Kristus til nye generasjonar og folkeslag. Vi står saman med mange medarbeidarar i fleire verdsdelar og mange land, og er takksame både til Gud og menneske for at vi får vera med i dette arbeidslaget. Det store arbeidsfellesskapet er samansett av einskildmenneske som kvar på sin plass gjer eit stort arbeid. Styret rettar ein takk til alle, unge og eldre som står med i arbeidet både med munn og hand, frå talarstol og kjøkkenbenk, med musikkinstrument og vaskebøtte, med giroblankett og hender falda i bøn. Hjarteleg takk for all teneste for Jesus og Normisjon.

Jesper Lemming
Regionleiar

Svein-Ottar Sandal
Regionstyreleiar

Kari Rygg Leirgul
Nestleiar

Liv Årdalsbakke Bruland
Styremedlem

Elida Østergaard Bruland
Styremedlem

Anne Karin Totland Gillesdal
Styremedlem

John Bjarne Geithus
Styremedlem

Steinar Saltbones
1.Vara